

## Vedtekter for Kyrkjevika Hyttelag

§ 1 Hyttelaget skal ivareta medlemmene sine interesser andsynes det offentlege, grunneigarar og andre aktuelle partar, og etablera eit godt samarbeid med desse.

§ 2 Rett til medlemskap har hytteeigarar i Kyrkjevika og tilstøytande område. Årsmøtet kan utvida området eller gjeva andre rett til medlemskap. Innmelding skjer til styret v/kassastyrar. Årsmøtet vedtek innmeldingssum.

For å telja med som medlem, må innbetaling merkjast med gards- og bruks-/feste.nr. Ved sal eller overdraging av hytte pliktar seljar å varsla styret v/kassastyrar om ny eigar.

På årsmøte har kvar hytte ei røyst, men fleire kan møta fram. Røysterett krev at innmelding sum og eventuelle lagspengar er betalt inn seinast 14 dagar før årsmøtet. Det er høve å røysta med fullmakt.

§ 3 Laget vert leia av eit styre som er samansett slik:

Leiar:	Vald for 1 år.
Nestleiar:	Vald for 2 år
Skrivar:	Vald for 2 år
Kassastyrar:	Vald for 2 år
Styremedlem:	Vald for 2 år
Styremedlem:	Vald for 2 år

Årsmøtet vel leiar for eit år om gongen og resten av styret annakvart år, då for to år om gongen. Slik vert halve styret sitjande frå det eine året til det neste. Leiar vert valt direkte på årsmøte. Resten av styret konstituerer seg sjølv.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er til stades. Ved likt røystetal tel leiaren si røyst dobbelt. Dei økonomiske rāmene til styret er avgrensa av lagskassen eller dei rāmene som årsmøtet vedtek.

§ 4 Årsmøtet skal vera halde seinast innan 15.mars. Innkalling med sakspapira må vera sendt ut seinast 3 veker før årsmøtet. Årsmøtet kan vedta at det vert nytta skriftleg røysting.

### Saklista:

1. Godkjenna innkalling og sakliste
2. Velja ordstyrar, skrivar og to personar til underskriving av møtereferat.
3. Godkjenna årsmelding
4. Godkjenna rekneskap
5. Fastsetja medlemspengar
6. Vedta eit budsjett
7. Val av revisor med varamann, valnemnd, ev. andre komitear.
8. Val av styre.
9. Andre saker.
10. Handsama innkomne saker. Desse må vera sende til styret 14 dagar før årsmøtet.

- § 5 Omframåt årsmøte vert halde når styret finn det naudsynt eller når 1/3 av medlemmene skriftleg krev det. Innkalling med sakspapira må vera sendt ut minst 2 veker før møtet.
- § 6 Vedtektene kan berre endrast av årsmøtet og krev 2/3 av røystene.
- § 7 Oppløysing av laget et det årsmøtet som avgjer og krev 3/4 av røystene. Røystinga skal skje skriftleg. Ved oppløysing skal eignelutane til laget overførast til Øystese Røde Kors Hjelpekorps.

Bjørkheim den 22.februar 2022.